


# Trådvariasjonar: Kvífor gjer eg som eg gjer? Kvífor blir det som det blir?

Av Rakel Elice Huglen



© [Rakel Elice Huglen]

[Lærarutdanning, kultur og idrett]

[Institutt for kunstfag]

Høgskulen på Vestlandet

[2023]

HVL-notat frå Høgskulen på Vestlandet nr. 9

**ISSN** 2703-710X

**ISBN** 978-82-8461-045-0



Utgjevingar i serien vert publiserte under Creative Commons 4.0. og kan fritt distribuerast, remixast osv. så sant opphavspersonane vert krediterte etter opphavsrettslege reglar.  
<https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/>

## **Samandrag**

Ei sentral inspirasjonskjelde i prosjektet mitt er dei yngste barnas teikningar, også kalla rabbel. I det kunstnariske utviklingsarbeidet mitt teiknar eg med tråd. Ein kan også kalle det for broderi. Det er ein langsam teknikk i motsetnad til dei gjerne raske og impulsive teikningane som er inspirasjonskjelda mi. I dokumentasjonen har eg vektlagt foto av eit arbeid med tittelen *Tegn* som var ferdigstilt og offentleg synt fram ved Kunstgarasjen i Bergen si jubileumsutstilling i 2021. I tillegg har eg fleire arbeider frå perioden 2019-2020 som er ein del av same serie.

Det kunstfaglege forskingsarbeidet mitt har klar relevans til barnehagelærarutdanninga og praksisfeltet. Våren 2022 hospitere eg ved Fosshagen barnehage i Sogndal (namn på barnehage gjengjeve etter samtykke). Same vår tok eg mitt kunstnariske utviklingsarbeid (KU) inn i undervising med studentar ved barnehagelærarutdanninga.

Refleksjonen som vert vist her var del 3 av søknad til fagfellevurdering av kunstfaglege forskingsformer (KFF). Del 1 bestod av søknadsskjema og del 2 var dokumentasjon av arbeider.

**EMNEORD:** [teikning, tråd, broderi, estetiske prosessar, rabbel, barnehagelærarutdanninga]

# **Innhald**

Samandrag .....	3
Innhald .....	4
Refleksjon.....	5-16
Litteratur .....	17-19

# **REFLEKSJON**

## **3.1 Eksplisitt refleksjon**

### **3.1.1 Forskingsspørsmål**

Trådvariasjonar: Kvifor gjer eg som eg gjer? Kvifor blir det som det blir?

### **3.1.2 Kort beskriving av prosjektets ulike delar og plassering av det i et større fagleg felt, inkludert lærarutdanningsfeltet**

Grovt sett delar eg prosjektet mitt i tre delar: Mitt kunstnarlege utviklingsarbeid, møte med barns estetiske prosessar og korleis eg tek KU-arbeidet mitt inn i undervisingssamanhang.

Ei sentral inspirasjonskjelde i prosjektet mitt er dei yngste barnas teikningar, også kalla rabbel. I det kunstnariske utviklingsarbeidet mitt teiknar eg med tråd. Ein kan også kalle det for broderi. Det er ein langsam teknikk i motsetnad til dei gjerne raske og impulsive teikningane som er inspirasjonskjelda mi. I dokumentasjonen har eg veklagt foto av eit arbeid med tittelen *Tegn* som var ferdigstilt og offentleg synt fram ved Kunstgarasjen i Bergen si jubileumsutstilling i 2021. I tillegg har eg med fleire arbeider frå perioden 2019-2020 som er ein del av same serie for å synleggjere prosessen.

Det kunstfaglege forskingsarbeidet mitt har klar relevans til barnehagelærarutdanninga og praksisfeltet. Våren 2022 hospitere Eg ved Fosshagen barnehage i Sogndal (namn på barnehage gjengjeve etter samtykke). Same vår tok eg mitt kunstnariske utviklingsarbeid (KU) inn i undervising med studentar ved barnehagelærarutdanninga. Eg har med dokumentasjon og refleksjon på desse to delane også.

Ein del av refleksjonsteksten bygger på tekstar som eg har skrevet i tilknyting til KU-arbeidet mitt. Det er eksamensteksten min frå eit PHD-kurs i kunstfagdidaktikk våren 2022 (ikkje publisert), tekst skrevet i Universitets- og høgskulepedagogikkemnet Valfri fordjuping i 2023 (ikkje publisert) og ei praksisforteljing publisert i magasinet Form i 2023. Den har eg også presentert under Nettverk for formgiving, kunst og handverk i universitets- og høgskulesektoren (KHUH) sin jubileumskonferanse i 2023.

### **3.1.3 Kritisk tilnærming til arbeidsprosess med omsyn til viktige kunstnariske val og vendepunkt**

«Kort sagt: I sin form forener kunsten nøyaktig same relasjon mellom det å gjøre og det å gjennomgå, en relasjon av energi som strømmer ut og inn, som den som får en erfaring til å bli en erfaring» (Dewey, 2008, s. 206).

Filosofen, pedagogen og psykologen John Dewey legg vekt på det å gjere. I min kritiske og analytiske tilnærming til arbeidsprosessen har eg følgjande spørsmål som utgangspunkt: Kvifor gjer eg som gjer? Kvifor blir det som det blir? Dei to spørsmåla ligg til grunn for viktige kunstnariske val og vendepunkt hos meg.

Eg teiknar med nål og tråd på tekstil. Ein kan også kalle det for broderi. Det er ein langsam teknikk i motsetnad til dei ofte raske eller impulsive linjene og krusedullane som er inspirasjonen min. Det oppstår ein «kollisjon» mellom den spontane linja og det møysommelege broderiet. Sjølve utføringa for hand er viktig for meg, og dei oppdagingane eg gjer nettopp ved å utføre det for hand og ikkje med broderimaskin eller symaskin. Ein tråd som heng seg opp let eg til dømes berre vere, og det skapar dynamikk og tekstur i form av små lokker eller trådar som infiltrerer kvarandre. Nye lag med krusedullar oppstår. Eg fører nåla

inn og ut av stoffet, og stinga dannar linjer. Så langt i prosessen har eg ikkje hatt behov for å utforske ulike typar sting, men eg varierer stinga ved hjelp av avstand og tjukkleik på tråden. Eg vil dvele litt ved sitatet frå Dewey og det om produksjonen og resultatets eigenskapar. Som eg allereie har vore inne på så er sjølve utføringa for hand viktig for meg. Både vala og tilfeldigheitene som skjer undervegs har påverknad på resultatet. Ein tråd som er ekstra lang lar eg kanskje berre vere, for så å sy den inn i neste krusedull. Kanskje stoppar eg opp midt i ei linje og finn ut at eg vil ha med to nyansar til saman med den eg allereie broderer med. Om vala og stinga var programmert inn på førehand ville ikkje slike delar av prosessen funne veg. Summen av alt dette gjenspeilar seg i resultatet. Det er også ei anna side ved det at eg gjer som eg gjer, nemleg kjensla det gir meg. Repetisjonen, sjølve det å gjere, gir assosiasjonar til meditasjon. Eg er djupt fokusert, det er her og no. Eg ivrar etter å sette i gang. Velje tråd. Ikkje den nyansen i dag, men den og kanskje den. Tre nåla. Eg går i dialog med materialet. Roen senker seg. Men det blir aldri kjedeleg. Eg opplev flyt. Om eg kjende på ei form for uro før eg starta, så er det som om sjølve handlinga og dialogen med materialet får den til å sleppe taket.

«Om man våger å kjenne på tiden det tar, vil man oppleve et komplekst poetisk rom med mange, mange underlag» (Jortveit, 2005).

Sitatet over er henta ut frå ein tekst om kunsten til Kari Steihaug. Ho er blant anna kjent for å rekke opp strikk som av ulike grunnar har blitt avlagt, og ho strikkar vidare på opprekksstrådane og skapar installasjonar av det. I kunstverket «ARKIV: De ufullendte» samla ho mellom åra 1998 til 2018 strikketøy som folk av ulike grunnar hadde lagt vekk. Kvart strikketøy blei fotografert, og ho fekk dei ulike utlånarane til skrive ned kvifor akkurat dette strikket ikkje blei ferdig. Grunnane var fleire, til dømes at mønsteret ikkje stod til tolmodigheita eller at barnet som skulle få genseren vaks i frå det. Andre gongar var det fordi eit liv tok slutt (Bennecke, 2018). Omgrepet *tida det tar* er noko som eg har vore oppteken av heilt sidan eg byrja å brodere. Når eg set meg ned med stoffet i fanget, legg fram tråden eg vil bruke og byrjar å tre nåla, sitrar det i fingrane. Eg er eg djupt

fokusert, men også forventningsfull. Korleis vil denne nyansen fungere saman med den førre? Nokre gongar rekk eg opp at sting som eg har brukt timar, kanskje dagar på. Stinga blei feil. Eller arbeidet treng meir luft. Kor mykje rekk eg å brodere før eg må gje meg i dag? Av og til kan eg kjenne at eg har fått gjort mykje. Eg legg stoffet utover golvet. Å ja, det vart ikkje meir... Eg tenker aldri at det skulle gått fortare. Det tek den tida det tek.

Boel Christensen-Scheel, dekan ved Kunsthøgskolen i Oslo, peiker ut sentrale kvalitetar for produksjon i samtidskunsten. Ein av dei er production of something unknown (or not-yet-known), og skriv følgjande: «If one arranges for a productive situation instead or did not seek to decide the outcome, it primarily resembles a research process» (Christensen-Scheel, 2013, s. 117). Eg kan relatere til dette i eige arbeid. Under produksjonen veit eg ikkje korleis det vil ende. Eg har ein førestilling, men fokuset er på prosessen. Innimellom tek eg sjansar, vel vitande om at det eg gjer anten kan øydeleggje akkurat dette arbeidet for meg eller ta det eit steg vidare.

Ein kjem ikkje unna at broderiet har ei kulturell ladning. I den vestlege kultur er det blant anna forbunde med handwerkstradisjon og kvinnesyssel. Eg ynskjer ikkje å framheve mitt eige ved å sjå ned på handwerkstradisjonar eller andre måtar å brodere på, men eg ynskjer å utforske og utfordre broderiet som uttrykksform.

Rabbel fascinerer meg; det intuitive og spontane. Eit slags abstrakt språk som både er inviterande og som gjev motstand. Dottera mi sine teikningar har eg blitt til eit arkiv som eg hentar inspirasjon frå. Sjølve utføringa med nål og tråd, det å transformere rabbel til broderi, kjennes tilfredsstillande og gjev meg ei kjensle av flyt. Eg kjenner på kontrasten mellom rabbelet som formene er inspirerte av, og

den sakte utføringa for hand. Det er noko kontemplativt over det. Kanskje handlar det rett og slett om kommunikasjon mellom rabbel og materiale.

### **3.1.4 Påpeiking av kva som er det nye bidraget til fagutvikling i feltet og på kva måte arbeidet er relevant for barnehage/ skule/ lærarutdanning**

Bente Fønnebø, førstelektor ved OsloMet, har hatt som forskingsfelt siste åra kvifor barn teiknar. Og kvifor rablar dei skisseprega og kroppsleg første åra? I boka *Tegne sammen* (2019) tek ho blant anna opp spørsmålet som fleire forskrarar tilbake til 1970-tallet har spurt seg: Kan det å kalle barns teikningar før tre-fire år for rabbel ha underkjent ein av dei yngste barnas viktigaste uttrykksmåtar? Fønnebø viser blant anna til Klaus Kowalski som i 1977 hevdar gjennom boka *Barn och bildskapande* at klottra (svensk for rabbel) kan få vaksne til å sjå på dette som ein aktivitet utan mening, og ikkje ta innover seg at handlinga er barns første steg mot eit språk, skrift og bildebevisstheit. Eg nyttar sjølv omgrepet rabbel, men eg synest det er interessant å reflektere over korleis språket kan påverke korleis ein ser på noko.

Tidlegare høgskulelektor i kunst og handverk ved Høgskulen i Bergen, Frøydis Storaas, skriv i boka *Barneteikning – form og forteljing* «Ved starten av det nye hundreåret får vi kunstpedagogikken, ei rørsle som ville sjå kunsten som samlande element i all oppseding. Den norske Helga Eng, ein av dei barneteikningsforskaranane som har hatt størst innverknad, skreiv boka *Kunstpedagogik* i 1918» (Storaas, 1998, s. 13). Før den kunstpedagogiske bevegelsen blei dei yngste første bildeuttrykk lite verdsett. Gjennom eit nytt syn på barneteikning og blant anna Helga Engs innsats knytt til barneteikning og kunstpedagogikk, blei dette sett på som kunstnariske uttrykksmåtar og ein del av danninga (Fønnebø, s. 23-24, 2019).

Som eg nett har vore inne på gjennom eit kort historisk tilbakeblikk er barns første teikningar noko som har gått frå å vere lite verdsett til noko som har blitt forska på og framheva som ein viktig del av danninga. Trass dette høyrer eg rett som det er vaksne uttale at dei sjølve teiknar som eit barn (i nedsettande forstand) eller i møte med samtidskunst uttrykk som: dette kunne sjølv eit barn ha gjort. Som høgskulelektor i kunst og handverk ved barnehagelærarutdanninga synest eg det er viktig at studentane får eigen erfaring med rabbel og ikkje distanserer seg frå rabbel. Tvert i mot, dei får sjølve utforske denne uttrykksforma individuelt og i fellesskap. Me utforskar rabbel gjennom ulike kjensler, tempo, ulike materialar som tråd i rom eller teikning på papir, med og utan musikk og kommuniserer gjennom det å rable saman to og to eller i gruppe. Professor ved institutt for kunstfag ved Høgskulen på Vestlandet, Aslaug Nyrnes, skriv følgjande: «Det konkrete inneheld altså både ein stad, ein situasjon, ein kropp, eit materiale og forming av dette materialet. Ein retorisk kunstfagdidaktikk tenkjer gjennom dette konkrete» (Nyrnes, 2008, s. 20). No handla dette sitatet om retorisk kunstfagdidaktikk, men eg kan relatere det til arbeidet med studentar i verkstaden. Eg ynskjer at dei skal erfare rabbel ved å konkret utforske gjennom det. Eg kjem tilbake til korleis arbeidet mitt er relevant for lærarutdanninga.

Våren 2022 besøkte eg altså småbarnsavdelinga i Fosshagen utdanningsbarnehage i Sogndal som ledd i ei hospiteringsordning for tilsette i undervisings- og forskarstillingar ved Høgskulen på Vestlandet (HVL). Føremålet med ordninga er blant anna å gje moglegheit for refleksjon om korleis teori og praksis kan knytast tettare saman, og utvikle idear til forskings- og utviklingsarbeid saman med praksisfeltet (Høgskulen på Vestlandet, 2021). Eg stiller meg sjølv spørsmål som: Korleis kan eg introdusere tråd for dei yngste barna i barnehagen? Kan me teikne med tråd i rom? Og kan tråden og rommet vere nok i seg sjølv utan ekstra ustyr som stoff og nål, og utan å syne døme på kva dei kan lage av den?

I doktorgradsavhandlinga, *Materiell-kollektiv praksis. En tilnærming til fagdidaktikk for kunst og håndverk utviklet i veveprosjektet: Veve i åpne dører*, skriv Monica Klungland blant anna: «I materiell-kollektiv praksis forstås skapende prosesser som kollektive. I et fellesskap av mennesker og materialer hender ting som ikke på forhånd er planlagt og forutsett. Prosessen er viktigere enn produktet fordi vi erkjenner at vi ikke på forhånd kan vite hva som kommer ut av den» (Klungland, 2021, s.172-173). I Klungland sin pedagogiske tilnærming blei dette gjort saman med grunnskuleelevar, og sjølv om opplegget ikkje direkte kan koplast til barnehagen, er fokuset på prosessen og det uforutsette i samband med materialet sentrale parallellear. Ved småbarnsavdelinga eg besøkte skjedde ein kollektiv utforsking av materiale på den måten at me var saman i rom og tid.

Professor i pedagogikk Helge I. Strømsø viser til at studenten både kan ta imot og produsere forsking, og at undervisinga kan vere orientert både mot forskingsresultat og mot forskingsmetodar og – prosessar. Ein dimensjon han viser til er undervising der studenten kan inngå i undersøkande læreprosessar. «Aller tydeligst blir trolig forskingsaspektet ved undervisningen når når studentene trekkes inn i lærerens egne forskningsprosjekter (Strømsø, 2020, s. 44). I undervisingsopplegget eg skriv om i denne teksten er det nettopp det som er føremålet: Eg ville trekke inn studentane som aktive undersøkande i problemstillingar som eg sjølv er opptatt av i mitt KU-arbeid.

Beyond improving engagement and participation, dialogic teaching ultimately improves students' ability to think and decide for themselves, which is critical in the 21st century where the widespread proliferation of information and knowledge means that there is an ever increasing need for learners to sift through layers of (mis/dis)information in order to uncover what is of value and relevance (Teo, 2019, s. 175).

Sitatet over viser blant anna til korleis dialogbasert undervising kan stimulere elevars eller studentars evne til å tenke sjølv. Ved å stille studentane opne

spørsmål ynskjer eg å få dei til å reflektere over alt frå utsegner til omgrep osv. I laupet av dobbeltøta inviterte eg studentane til å diskutere omgrepet teikning:

Kva er teikning? Kvar går grensene for at noko er teikning eller ikkje?

Studentane reflekterte over spørsmålet aleine, saman i par og i plenum. Vidare, kva kan ein teikne med og på? I sanden med ein pinne, føreslår nokon. På asfalt med krit forslår ein annan. Kan ein teikne med tråd? spør eg. Nei, då er ein over på broderi, var eit av para einige om. Kva om ein trekk trådane i lufta då? Er det då teikning, berre i rom og ikkje på ark? Fleire av studentane mine såg undrande på meg. Kva meiner du no?

Studentane blei så delt opp i små grupper, og kvar gruppe fekk eit garnnøste kvar. Det var dei same garnnøsta som eg tidlegare hadde med under besøket i barnehagen. Studentane fekk beskjed om framgangsmåte og uttrykk skulle vere inspirert av rabbel eller drodling. Reiskap og materiale som nål, lim og ark var ikkje lov, men dei kunne ta i bruk seg sjølv, rommet og rommets inventar.

Etter kvar vaks det fram ulike uttrykk på dei ulike gruppene. Nokre bevega seg mot figurasjon medan andre uttrykk minna om rundrabbel hengjande i lufta. I ei av gruppene beståande av tre studentar vart den eine ståande i rommet medan dei to andre jobba med tråden rundt og på henne. Ein av studentane, David Wilhelmsen, fortel følgjande om denne prosessen:

«Vi surret garntråd omkring hendene til Anna og en skolepult slik at de dannet et nett. Det gav etterhvert inntrykk av å skape et slags rom av tråd med hendene som tak og bordet som underlag. Anna lyktes med å kunne løfte bordet i trådene. Hun satt fast etter økten og ba om hjelp til å komme seg løs. Det var godt å være minst tre personer på dette. En som holdt tråden, og to som sendte tråden til hverandre mens man surret tråden omkring pult og hender (D. Wilhelmsen, personleg kommunikasjon gjengjeve etter samtykke, 10. august 2022).»

Studenten Anna Børve seier følgjande frå situasjonen: «Eg hugsar at iallfall eg fort vart dregen inn i bobla der fokuset er fullt og heilt på prosessen med å skapa. Det me skapte vart til undervegs, då me fyrst hadde trådar i rett linje i forhold til kvarandre, men så byrja me å ha trådar frå alle kantar. Eg hugsar eg

tenkte at dette er jo nesten som ein refleksjon på livet, der dine hender eller handlingar påvirkar svært mykje, og i mange retningar. Når ein jobbar kreativt er det som at ein kjenner på seg når det er ferdig, og eg syntes å hugsa at me var ganske samstemte på at no er det ferdig (A. Børve, personleg kommunikasjon gjengjeve etter samtykke, 25. august 2022)».

I og med at dette er studentar som skal arbeide med barnehagebarn, tykkjer eg det er viktig å leggje til rette for estetiske prosessar som liknar på barns. I den samanheng synest eg dei bør kjenne på korleis det til dømes er å utforske materialets eigenskapar utan å ha fokus på eit ferdig produkt. Barn ervervar seg kunnskap om og erfaring med materialar gjennom leik og skapande verksemd med materiale (Waterhouse, 2021, s. 35). Dersom det det alltid skal vere førehandsbestemt kva ein skal lage, så meiner eg dette vil gje mindre rom for utforskning.

Ein skilnad mellom barnehagebarna og studentane som eg la merke til var at studentane valde å bli verande i klasserommet, i motsetnad til barna som gjerne bevegde seg rundt i ulike rom med tråden. Borna tok altså dei ulike romma aktivt i bruk – kanskje fordi dei også gjer det i banehagekvardagen. Som eg skreiv var det praktiske grunnar til at teikning til musikk med barnehagelærarstudentane skjedde i spesialrommet. Men kanskje kunne utforskinga med tråd vore noko eg kunne lagt til rette for å gjere ein annan stad. Me skifta rett nok undervisingsrom for å få litt miljøskifte, men kanskje kunne me til dømes gått ut av bygget? Samtidig ville eg at studentane i denne økta skulle vere ein stad som dei kjente deg trygge og ikkje nødvendigvis kjenne seg eksponert overfor folk utanfrå medan dei utforska med tråden.

Sjølv om aktiviteten ikkje var produktfokusert eller lagt opp til at studentane skulle gjere ting i ein bestemt rekkjefølgje, så var ikkje oppgåva heilt fri. Gjennom

føringer som at ein ikkje skulle bruke tilleggsmateriale og reiskap som stoff, nål og lim, men kunne ta i bruk seg sjølv, rommet og rommets inventar vart det lagt nokre rammer frå mi side. I tillegg måtte dei samarbeide i grupper og nytte tråden som dei fekk utdelt. Eg synest det er interessant å reflektere over desse rammene. Kunne det vore fleire eller færre rammer? Burde studentane fått velje sin eigen tråd? Det vart ikkje tid til å diskutere akkurat dette saman med studentane, men i framtida ynskjer eg å høyre om studentar har konkrete innspel til dette.

Eg kjenner at eg lukkast med at studentane skulle få delta på ein undersøkande måte. Eg har sjølvsagt inga garanti for at studentane kjende det på same måte, men eg tykte det var svært interessant å få eit innblikk i studentanes tankar kring prosessessen, korleis dei opplevde det og vala som blei gjort undervegs. Ikkje minst synes eg det var interessant kva dei ulike gruppene skapte med tråden.

Avslutningsvis i dette momentet vil eg påpeike kva som er det nye bidraget til fagutvikling i feltet. Eg kan ikkje sjå vekk frå at det ikkje skjer liknande opplegg i feltet, til dømes eksperimentering med tråd. Eg har allereie vist til Monica Klungland sitt doktorgradsprosjekt der grunnskule elevar utforska med tråd utan at det til dømes skulle ende i eit bestemt produkt. Me har ulik bakgrunn og dermed ulikt utgangspunkt. Eg har til dømes utdanning frå kunsthøgskule og bakgrunn som utøvande biletkunstnar, og Klungland er utdanna førskulelærar og har jobba som grunnskulelærar før ho tok master i kunstfag ved Universitetet i Agder (2021). Eg tenker at det truleg skjer fleire parallelle bidrag til fagutvikling som er i slekt, men ikkje like. Eg kjenner ikkje til at det er andre ved Høgskulen på Vestlandet som jobber på denne måten med utgangspunkt i tråd og dei yngste barnas estetiske uttrykk på måten som eg gjer. Hospiteringsordninga som eg deltok i 2022 var ei ny ordning ved Høgskulen på Vestlandet. Eg kjenner heller ikkje til andre så langt har tatt erfaringar frå hospitering direkte inn i undervisinga av barnehagelærarstudentar i fagområdet forming/ kunst og handverk ved Høgskulen på Vestlandet, men utelukkar det ikkje. Eg meiner at

det stadig er behov for bidrag til å utvikle tenking og praksis til korleis me vaksne stiller oss til dei yngste barnas estetiske uttrykk. Med arbeidet mitt ynskjer eg å bidra til at barns visuelle uttrykk, som rabbel, blir rekna som fullverdige og interessante.

Broderi som kunst- og uttrykksform er mykje brukt. Det er også fleire enn meg som nyttar omgrepene å teikne med tråd i staden for broderi. Kunstnarar som norsk-islandske Malfridur Adalsteinsdottir egyptiske Ghada Amer nyttar begge tråd og sting på ein meir eller mindre abstrakt måte. Japanske Chiharu Shiota lagar store abstrakte tråd-konstruksjonar som blant anna kan bli sett på teikningar i luft.

Eg kjenner ikkje til at det er andre som jobbar med det same som meg innan kunstarisk utviklingsarbeid ved universitets- og høgskolesektoren. Eg utelukkar ikkje at det er andre som jobbar med til dømes tråd, broderi eller dei yngste barnas estetiske uttrykk, men eg veit ikkje om andre i denne sektoren som lar seg inspirere av dei yngste barnas teikningar slik eg gjer ved å ta det abstrakte uttrykket rabbel inn i broderi.


### **3.1.5 Refleksjon over prosjektets etiske sider**

For meg er det viktig å ikkje kopiere barns teikningar. Eg er inspirert av rabbel, men eg skapar eigne former som eg jobbar ut frå. Eg meiner det ikkje vil vere etisk rett å kopiere over eit barns linjer og former utan at det i så fall kjem fram i tittel eller på annan måte. Som sagt, eg lar meg inspirere, men kopierer ikkje.

I barnehagen som eg hospiterte i, laga eg eit samtykke-skjema som pedagogisk leiar delte ut og samla inn att. På det kunne foreldra krysse av på om dei samtykka eller ikkje til at eg kunne nytte fotografia som blei tatt av barna medan eg var der i formidling av arbeidet mitt. Sjølv om eg fekk samtykke, så er eg påpasseleg med kva arenaer eg nyttar dei. Til dømes ville eg ikkje brukt foto der ansikt kjem med på sosiale nettverk som Facebook, men eg nyttar fotografia til

dømes i denne søknaden, i undervisingssammenheng og på andre arenaer inn i kunst og handverk og universitets- høgskulesektoren der eg finn det relevant for å formidle ulike delar av KU-arbeidet mitt.

I denne teksten har eg med to sitat frå studentar. Eg tok direkte kontakt med desse to for å høyre om dei ville skrive ned nokre refleksjonar frå økta og forvissa meg om at det var greitt at nyttar det i tekstarbeid, undervising og anna formidling. Eg synest det er reieleg å informere dei dersom det kjem med i publiserte tekstar sjølv om dei har gitt samtykke om det. Det handlar også om å la personar som har bidratt få oppdatering og ta del i ulike samanhengar bidraget deira er med i.



Tegn (detalj). Teknikk: Trådteikning på lerret. Storlek: 73 cm x 108 cm. År: 2020.

Foto: Rakel Elice Huglen

# Litteratur

Benneche, N. (2018, 08.12). Det vi forlater. Aftenposten.

[https://www.nrk.no/kultur/xl/det\\_vi\\_forlater\\_-et-kunstnerportrett-av-kari-steihaug-1.14249588](https://www.nrk.no/kultur/xl/det_vi_forlater_-et-kunstnerportrett-av-kari-steihaug-1.14249588)

Christensen-Scheel, B. (2013). Application and Autonomy: The Reach and Span of Contemporary Art Didactics. *Nordic Journal of Art and Research*, 2(2).

<https://doi.org/10.7577/if.v2i2.72>

Dewey, J. (2008). «Å gjøre en erfaring» frå Art as Experience (1934). I K. Bale & A. Bø-Rygg (Red.), *Estetisk teori. En antologi* (s. 196-2013). Universitetsforlaget.

Fønnebø, B. (2019). *Tegne sammen* (1. utg.). Cappelen Damm AS.

Huglen, R. E. (u.å). Undersøkande prosessar i kunst og handverk. Ikke publisert.

Huglen, R. E. (2023, januar). *Teikne med tråd*. Innlegg presentert ved Jubileumskonferanse 2023/ Nettverk for formgiving, kunst og håndverk i UH-sektor, OsloMet.

Huglen, R. E. (u.å). Trådvariasjonar: Eit kunstnarisk utviklingsarbeid. Ikke publisert.

Huglen, R.E (2023). Å teikne med tråd. *FORM*, Årgang 57, s. 10-12.

Jortveit, A. K. (2005). Tiden det tar. Kari Steihaug.

[http://www.karisteihaug.no/tiden-det-tar\\_83-113a.html](http://www.karisteihaug.no/tiden-det-tar_83-113a.html)

Klungland, M. (2021). *Materiell-kollektiv praksis. En tilnærming til fagdidaktikk for kunst og håndverk utviklet i veveprosjektet: Veve i åpne dører* [Doktorgradsavhandling]. Universitetet i Agder.

Nyrnes, A. (2008). Ut frå det konkrete. Innleiing til ein retorisk kunstdidaktikk. I A. Nyrnes & N. Lehmann (Red.), *Ut frå det konkrete. BIDRAG TIL EIN RETORISK KUNSTFAGDAKTIKK* (s. 9-26). Universitetsforlaget.

Storaas, F. (1998). *Barneteikning – form og forteljing*. Det norske samlaget.

Teo, P. (2019). Teaching for the 21st century: A case for dialogic pedagogy. *Learning, Culture and Social Interaction*, 21, 170-178.

Strømsø, H. I. (2020). Forskningsbasert undervisning. I H. I. Strømsø, K. Hofgaard Lycke og P. Lauvås (Red.), *Når læring er det viktigste* (2. utg. s. 40-55). Cappelen Damm Akademisk.

Universitetet i Agder. (2021, august). *Monica Klungland*. Universitet i Agder.  
Henta 27.05.2023 dag frå <https://www.uia.no/kk/profil/monicakl>

Waterhouse, A-H. (2021). *I materialenes verden* (2. utg.) Fagbokforlaget.